

Fjågesund Posten

Nr. 2 april 2019



RUSKENAKSJONEN 2019

Mondag 6 mai kl. 16.00 - 19.00. Renovest IKS set ut container ved **Fjågesund grendehus**. Her kan du som privatperson levere avfall som kjølfrys, komfyrar, omnar, anna elektrisk materiell, samt møblar og større hushaldsavfall.

DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

Tysdag 7 mai kl. 18.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Vasking inne av vindaug o.s.v. Servering av kjøtsuppe m.m.



DUGNAD RUNDT KYRKJA

Torsdag 9. mai kl. 17.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Enkel bevertning.



SØPPELPLUKKING/TRIM

Onsdag 15 mai kl. 18.00. Vi møtast på grendehusplassen, og ryddar søppel langs vegen til Fjågesund brua og opp til kyrkja. Ta med hanskar. Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL

17. MAI I FJÅGESUND



17. mai tog Evjo ca. 1920

Program:

- Tog frå broi kl 12.00
- Festgudsteneste kl 12.30 i Fjågesund kyrkje v/Møyfrid Lunde. Offr. til Blå Kors Norge

På grendehuset etter messa:

- Kaffi og kaker
- Sal av pølser, brus og is
- Utlodding
- Leikar: luftbørse, pilkast etc. med premiering
- Premieutdeling for boka på Hyvre

Arr. Fjågesund grendehuslag



FEST PÅ LOKALET

17. mai kl. 20.00 - 01.00

Dans på Fjågesund grendehus med hermetisk musikk!

Inngang kr. 150

Matsal

Aldersgrense

18 år

Påmelding innan 16. mai til:

Aud Turid Fjågesund tlf.

905 75 915 / 350 56 577

Arr. Fjågesund grendehuslag

Party
time



M/S VICTORIA

kjem **laurdag 18. mai**. Båten

passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10.

M/S HENRIK IBSEN

kjem **sondag 19 mai**, og vi oppmodar alle til å helse dei velkomen desse dagane!

Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.20.

TUR TIL HYVRE/ÅNÅS

Søndag 19. mai kl. 10.00.

Oppmøte på grendehusplassen.

Arr. Kviteseid Turlag



IDRETTSMERKETAKING

Tysdag 21. mai kl. 18.00.

på grendehusplassen. Værratterhald.

Arr.: Fjågesund IL

TELEMARKS KANALRITTET

Laurdag 25. mai.

Matstasjon ved krysset til Fjågesundbroi.



TUR TIL FYRSTIKKFJELLET/ FINSAND

Torsdag 30. mai kl. 18.00.

Me møtast på Kåsa. Værratterhald.

Arr. Fjågesund idrettslag

STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi køyrer rundt og samlar inn:

Tysdag 4. juni kl 17.00



“Naar du vil paa fjeldesti og skal nisten snøre, læg saa ikke mere i end du let kan føre.”

TUR TIL MØRKVATN

Søndag 16. juni kl. 10.00.

Me møtast på grendehusplassen. Værratterhald.

Arr. Fjågesund idrettslag

UT PÅ TUR 2019

Fjågesund idrettslag har plukka ut fire turmål der du finn ei postkasse med bok. Eit kart over turmåla og ruta dit er snart å finne på fjaagesund.no. Dei som har gått alle 4 turane (Hyvre, Telnesåsen, Ølla og Fyrstikkfjellet) i 2019 vert med i trekkinga av ein fin premie på fyrste morokveld til hausten. Bøkane ligg ute til 20. september.


God tur!



VIKINGDAG VED KVITSEID BYGDETUN

Sondag 21. juli

Dette er ein del av Vikingfestivalen der 4 viking-skip kjem roande opp Telemarkskanalen. Skipa skal legge til på Kauphamar. Ein gamal handelsstad nedom bygdetunet og Kviteseid gamle steinkyrkje. Hald av dagen. Dette vert moro for heile familien.



Sjå også heimesida til Fjågesund på:
fjaagesund.no

Fjågesund IL er på Facebook